

# Rolla for dei lokale helsestyresmaktene knytt til vatn og avløp for fritidsbusetnad

Av Øystein Solevåg

Øystein Solevåg er rådgivar i Bergfald & Co as, eit strategisk miljørådgivingselskap. Han arbeider særleg med miljø og helse, samt med klimaspørsmål. Tidlegare arbeidde han med miljø og helse i Statens helsetilsyn.

Innlegg på seminar 7. mai 2002

## Helsefare?

Er det helsefare knytt til vatn og avløp for fritidsbusetnad? Avløpsvatn er smittefarleg. Rensing av avløpsvatnet er viktig, men er i utgangspunktet lite effektivt for å redusere smittefaren. Avløpsvatn kan òg innehalde andre helsefarlege stoff og forandre samansetninga av resipienten (t.d. giftige algar). Avløpsvatn kan vere årsak til sjukdom direkte (fekal – oral smitte) gjennom drikkevatn, næringsmidlar og bading. Nasjonalt folkehelseinstitutt oppgir at dårleg drikkevatn gir 100.000 - 300.000 sjukdomsdagar årleg. Det er særleg små vassforsyningar og private brønnar som er utsette for smittefare. I tillegg til sjukdom gjennom drikkevatn, kan sjukdom oppstå ved bading. Risikoen for å bli sjuk ved bading i friluftsbad (badestrand e.l.) er til vanleg liten.

## Regelverket til dei lokale helsestyresmaktene

Dei lokale helsestyresmaktene (kommunehelsetenesta) fører tilsyn med vatn og avløp i fritidsbusetnad med heimel i kommunehelsetenestelova. Formålet med denne lova er at kommunen skal fremje folkehelse og trivsel og gode sosiale og miljømessige tilhøve, og søke å førebygge sjukdom, skade eller lyte. Kommunen skal òg spreie opplysning om og auke interessa for kva den enkelte sjølv og ålmenta kan gjøre for å fremje sin eigen trivsel og folkehelsa.

## Ei delteneste i kommunehelsetenesta er det miljøretta helsevernet.

Kommunehelsetenestelova definerer miljøretta helsevern til å omfatte dei faktorane i miljøet som til ei kvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helsa. Desse omfattar mellom anna biologiske, kjemiske, fysiske og sosiale miljøfaktorar. Arbeidet i kommunane innan miljøretta helsevern

kan grovt delast inn i tre hovudkategoriar ut frå dei krava eller utfordringane oppgåvene stiller til arbeidsformen:

- Oversikt
- Medverking
- Tilsyn

## Oversikt

Kommunane skal til ei kvar tid ha oversikt over helsetilstanden i kommunen og dei faktorane som kan verke inn på denne. Dette tyder ikkje at alle innbyggjarar skal undersøkast årleg. Det er likevel eit krav at kommunen har gjort seg opp ei meining om kva dei viktigaste faktorane som påverkar folkehelsa i kommunen er.

## Medverking

Kommunane skal også foreslå helsefremjande og førebyggjande tiltak i kommunen og medverke til at helsemessige omsyn blir ivareteke av andre offentlege organ. Slik medverking skal skje mellom anna gjennom råd og uttalar og ved deltaking i plan- og samarbeidsorgan som blir oppretta.

## Tilsyn

Å føre tilsyn vil seie å undersøke om ei verksemd eller ein eigedom blir driven i samsvar med regelverk og faglege normer. Med heimel i kommunehelsetenestelova fører kommunane tilsyn med verksemd og eigedom som kan ha innverknad på miljø og helse. Dette tilsynet omfattar bruk av verkemiddel som meldingsplikt og godkjenning, konsekvensutgreiing, granskning, opplysningsplikt, retting, tvangsmulkt, stansing og straff der det er aktuelt.

## Kva helsereglar gjeld for vatn og avløp?

Helsetilsynet sine internettsider ([www.helsetilsynet.no](http://www.helsetilsynet.no)) inneheld ei god oversikt over kva regelverk som gjeld for kommunehelsetenesta si verksemd. Når det gjeld vatn og avløp for fritidsbusetnad vil særleg desse reglane vere aktuelle:

- forskrift 4. desember 2001 nr. 1372 om vannforsyning og drikkevann
- forskrifter 10. september 1970 nr. 9366 om hygieniske forhold i hytteområder og lignende
- forskrift 22. februar 1980 nr. 22 om utslipp av avløpsvann (avløpsforskriften)
- rundskriv IK-21/94 frå Statens helsetilsyn med nye vannkvalitetsnormar for friluftsbad

Dessutan er det viktig å kjenne til rundskriv nr. I-33/90 frå Sosialdepartementet. Dette gir retningsliner for behandling av sakar som gjeld både miljøvern- og helsestyresmaktene, noko som er tilfelle for dei fleste avløpssakene.

Det er verd å nemne at Helsedepartementet arbeider med å lage ei ny forskrift om miljøretta helsevern. Målet med arbeidet er å få ferdig ei forskrift med ei rettleiing innan årsskiftet 2002 – 2003. Forskriftene frå 1970 og 1980, saman med over 400 andre lokale og sentrale helseforskrifter, vil då truleg bli oppheva. Den nye forskrifta om miljøretta helsevern vil dessutan gi nye retningsliner for samarbeidet mellom ulike styresmakter, m.a. miljøvernstyresmaktene.

Frå nyttår fekk vi ei ny drikkevassforskrift. Når det gjeld materielle krav retta mot små drikkevassforsyningar er det berre mindre endringar (m.a. endring av grensa for kva vassverk som skal ha godkjenning). Den nye forskrifta er nok betre å finne fram i enn den gamle.

## **Samarbeid i praksis**

Kommunen er både plan-, miljø- og helsestyresmakt. Det er liten grunn til å la innbyggjarane merke dette i utide; dei bør i størst mogleg grad oppleve kommunen som ei samkøyrd og effektiv offentlig eining. Dette stiller krav til samordning internt mellom ulike etatar eller avdelingar i kommunen.

Gjennomgåande vil det vere fornuftig å nytte plan- og bygningslova

til å avklare flest mogleg spørsmål innan vatn og avløp for fritidsbusetnad, for plan- og bygningslova inneheld dei klåraste krava til prosess og samarbeid. Det er viktig å hente inn helsefaglege råd i planlegginga etter plan- og bygningslova, særleg i det overordna planarbeidet.

For å få til gode prosessar i sakar som gjeld vatn og avløp, bør kommunar lage retningslinjer for kva tid det er nødvendig å hente inn helsefaglege råd. Dette må gjørast lokalt, men erfaringsmessig bør det ringe ei varselklokke i alle saker som gjeld drikkevatt. Å ikkje involvere helsestyresmaktene på førehand i ei sak som kan gi forureining av drikkevatt er taktisk lite lurt – i mange høve vil dette føre til mykje meir arbeid, auka kostnader og forseinka utbygging.